



## Fru Jeanette Normann

vart gravlagt onsdag på Finnfjordbotn kyrkjegard. På denne solrike seinsommar-dagen da båra hennar senka i jorda, gøymt under det norske flagg, på den vakre gravlunden som var innrammet av haustens, gulnende lauvskog som en krans om det heile.

I heimen heldt prost Høydahl en hjartevarm minnetale og jordfesta henne seinere på kyrkjegarden.

Ein flokk trufaste venner og kjenningar vart hennar fylgje til siste kvilstaden her nede. I heimen vart dei alle beverta med mat og drikke. Etterpå heldt kapt. Guri Birkeland ein andakt og mintes med taksemd fru Normanns kjærleik og offervilje til Frelsesarmeen på Finnsnes, og bad Gud signe hennar datter, Ester, som no er vorten einsam att.

Jeanette Normann var født i Bergen. Ho kom fyrste gongen til Nord-Noreg til Hadsel prestegard som lærarinne. Då var ho heilt ung. Etter tre års arbeid der reiste ho heim til Bergen. Mora var død, faren gifta seg att og det var blitt litt kaldt i den gode heimen hennar. Ho lengta til Nord-Noreg og så bar det hit nord att til Gibostad som lærarinne hos fru Bertha Sørensen. Seinere var ho ei tid lærerinne hos familien B. T. Aas, Mehamn, men ikkje lang tid etter reiste ho til Gibostad og vart gift med kjøp-mann E. A. Normann. Her fekk ho sin heim og levde sitt enkle, stille liv med heimens vanlege sysler, med omsorg for mann og barn og med sine mange gode bøker samt kjære gjester, stor bokvenn som ho var.

Etter at hennar mann var død flyttet ho hit til Finnsnes og bygget seg heim her og levde sitt rolege enkle kravlause liv, saman med sitt einaste barn, Ester.

På farsida var ho av skotsk ætt, mora var av den kjende Ameln ætta.

Fru Normann var komen frå ein velstandsheim i Bergen, men hadde der blitt inn-prenta nøisamhet, enkel livsførsel og rettskaffenhet.

Og desse eigenskaper tok hun med på si livsferd som ein god arv fra heimen sin. Dei som kjende henne godt veit og at ho hadde lært å kjenne gleda ved å hjelpa dei som trengde hjelp.

Som ho levde sitt stille krav, lause liv, slik gjekk ho og burt, veikna av og sov roleg og fredfull inn med tru på frelseren sin. Ingen blomster og kranser ville ho ha — berre det norske flagg på båra si.

Guds signing over Jeanette Normanns grav og minne.